

Emnenr. 10

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Alesund.

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag:

Oppskr. av: Erik Skjævesland

Gard: Skjævesland.

(adresse): Alesund

G.nr. 82 Br.nr. 8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Sjå merke nedanfor.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Lynging.

1. Det er heilt slutt med lynging i Alesund. Etter 1900 hev det berre vore eitstaka eller spredda tilfelle av lyngsanking og i små mengder. Tidlegare gjekk lyngslåing inn som ein tolleg fast leik i gardsdrifta på same måte som slåing av skoghøy. Polio kan nemnast at Ivenke Ashildsens Mannervåke (f. 1812, d. 1879) kvart år slo ein 20 sklass med lyng. Bruket som hev eit smatth. skyld av 2 mark, 50 øre, fødd vel i den tida 5 kyr, 1 hest, litt ungdyr og noko smale. Som døme på kor naudsynleg det den tid var rekna med lyngslåtte til gardane, kan nemnast at sume bruk på grannegarden Gangså i siste halvparten av føre hundreåret fekk ordra seg bønder på Mannervåke og fekk lyngslåtte der. Dei på M. fekk då eit verdifullt skogslykke på G.

Mange andre slo og mykje lyng, og det var berre få som ikkje lynga.

2. Det vanlege var å slå lyng um haust, helst i oktober, tidvis i september.

21
Lyngslåing um vâren berre når
det galdt naudfôr - i vârkreppa. Dei
sa: å lyngva, lyngslåing - og um dei
brutte sigd: lyngskjering.

3 Dei nytta lyngljå som var stutte
are og tjukkare enn vanlege ljåar,
og vanleg langorv. Ljåen kalla dei
tildels busljå (utt. bussjå - av å slå
bus, rusk og rask). Å riva lyng med
hendene brukte dei når dei sankar
bus til å bôra med i sumarfjøset
og tildels til å ha i gjødselkjellaren.
I sengene og. Enno kallas dei und-
ste plagget i senga, bussbreia - som
i noko seinare tid hev vore breidd
over sengekjalmen. Ja, sjôlv um
plagget ligg på fjörmadrass er det
like fullt bussbrei!

4. Helst mannfolksarbeid å slå lyng,
å riva bus var gjerne kvinnfolksarbeid.
Eller var det vanleg i eldre tid at kvin-
folk var med på mangt tungarbeid
som egentleg var karmannsarbeid.

5. Glo gjerne andre- eller tredje kvar
år.

6. På slede, høyslede - brukning.

7. Lyngva blei køyrt heim når det var
vasskurt eller doggfrilt og vart då salta.
Heldt seg då like friskt og grønt til
vâren.

8. Kv, sau og geit, hestev og um so var
Både âleine og blanda - noko forskjil-
lig. Lettast å få blanda når det var
hakka. Mengde pr. dyr: Ljå 1, Svenke 1 sk.

9. Var rekna for godt får.

B. Lyng som beide.

1. Beiting ikkje mykje brukt, so vidt eg forstend det. Var helst um haustens og noho um varen.

2. Lau og geit, mens og kua.

3. Som nemnt ovanfor um lynging, ikkje i bruk no. I gamle dagar når det var serleg harde og lange vintrar gjorde folk kva som helst for å berga buskapen fram. Og det galdt å fø so mykje krettur som mogeteg for å nytta suumarbeitene. I sumarbida var det dei fekk avdratten.

II Moring

Moresanking førehjems ikkje i Ofylsbo og her nok ikkje gjort det tidlegare heller. Truleg ikkje på heile Førlandet. Her i allfall aldri høyrst gamle folk nemna slikt. Inaut at slikt more finst her heller.

Upplysningar um lynging o. s. v. her eg etter mange gamle folk, attåt sumt eg sjølv her set. Kan serleg nemna far min, Ole E. Skjavesland, f. 1850, d. 1920. Vidare Ola H. Skjavesland, f. 1865, d. 1948, Ola Bjørnstøl, f. 1878, Lyvert Skjavesland, f. 1877

2223

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING